

# Tonelagegsskilnad i islendsk i Tridje grammatiske avhandling

Av Klaus Johan Myrvoll og Trygve Skomedal

*Medan størsteparten av dei skandinaviske målføri skil millom tvo ulike tonelag i fleirstava ord, eller hev ein opposisjon som gjeng attende på ein slik tonelagegsskilnad (dansk stød), finst det ikkje i dag noko tilsvarande i islendsk og færøysk. Det hev vore dryft serleg um islendsk hev havt tonelagegsskilnaden fyrr og so mist honom, men ingi av dei indisiu som til no hev vore dregne inn i diskusjonen, kann segjast å ha avgjort saki. I denne artikkelen vert det peika på dei provi som den tridje grammatiske avhandlingi gjev i denne samanhengen. Avhandlingi, som er frå midten av 1200-talet og er skriven av Óláfr Þórðarson, innheld ei tilmåting av aksentreglane hjå dei latinske grammatikarane til islendsk, men denne teoretiske bolken gjev ikkje nokor avklåring av spursmålet um tonelag. Det er i umtalen av språkelege avvik (barbarismar) i nokre skaldevers at Óláfr nyttar ei aksentuering som synest å visa til tonelag. Det er serskilt i påpeikingi av skilnaden på <sup>1</sup>bænum, dat.sg. b.f. av bæm. 'gard', og <sup>2</sup>bænum, dat.pl. ub.f. av bæm f. 'bøn', at han berrlegg tonelagsopposisjonen.*

## Innleiing

Det er ein velkjend prosodisk skilnad millom "fastlandsnordisk" (skandinavisk) på den eine sida og "øynordisk" (færøysk og islendsk) på den andre at medan størsteparten av dei skandinaviske målføri skil millom tvo ulike tonelag i fleirstava ord (vanleg kalla einstavings og tvostavings tonelag eller tonem 1 og 2), eller hev ein opposisjon som etter alt å døma gjeng attende på ein slik tonelagegsskilnad (dansk stød), so finst det ikkje noko tilsvarande i færøysk og islendsk. Som me skal sjå nedanfor, reknar ein med at dei tvo tonelagi kann førast attende til det gamalnordiske målstiget, og då vert det eit spursmål um ikkje ein slik skilnad hev funnest i dei øynordiske måli òg.

For islendsk hev det vore drege fram sumt, fyrst og fremst metriske indisium, som skulde tyda på at tonelagegsskilnaden hev funnest, og at han

skal ha halde seg ved lag til so seint som ut på 1700-talet. Noko som ikkje hev vore påansa i denne samanhengen, er kva prov den tridje grammatiske avhandlingi frå midten av 1200-talet kann gjeva på ein mogeleg tonelagsskilnad. Det er desse provi som er hovudemnet for denne artikkelen.

Fyrr me kjem so langt, lyt me sjå nærare på opphavet åt tonelagsskilnaden i nordisk, so me kann vurderera sannsyni for at han hev kome upp i islensk òg, og dessutan vil me gjeva ei yversyn yver dei andre indisii som hev vore dregne fram i ordskiftet.

### Upphavet åt tonelagsskilnaden

Den vanlege uttydingi til tonelagsskilnaden i skandinavisk er at han er eit resultat av at einstava ord i dei gamle skandinaviske måli gamalnorsk, gamalsvensk og gamaldansk heldt fram med å hava tonegang som um dei var einstava i tilfelle der dei utvikla seg til tvostava ord. Det gjeld i fremste rekkja ved framvokster av bunden artikkel (*hest (h)inn* > *hestinn*, nno. *hesten*) og syllabifisering av opphavleg asyllabisk likvid eller nasal (norr. *akr* > nno. /<sup>h</sup>o:ker/, norr. *sókn* > nno. /<sup>h</sup>suken/ eller /<sup>h</sup>sukn/) (Oftedal 1952: 205). På denne måten kom det upp ein opposisjon i høve til dei opphavleg tvostava ordi, som me kann sjå i minimale par som norsk *brote(t)* b.f.sg. n. < *brot it* mot *brote* perf.part. n. < *brotit*.

Den svenske målgranskaren Axel Kock vilde i staden tyda ut tonelagsskilnaden som ei fylgja av synkopen som gjekk fyre det gamalnordiske målstiget: Dei ordi som fekk einstavingstonelag, skulde vera dei som miste vokalen som fylgde rett etter rotstavingi i urnordisk (1891: 354 f.). Denne alternative gissingi sette han fram m.a. for å få ei uttyding til nokre ord som gjerne hev einstavingstonelag i skandinavisk i dag, men som hadde tvostava form i dei gamalnordiske måli, d.e. komparativar som *mindre*, *større* og *verre*. Som Magne Oftedal (1952) syner, finst det andre mogelege uttydingar for desse ordi, og gissingi åt Kock skaper i grunnen fleire problem enn ho løyser, t.d. lyt tonelaget i fyrtridsformer som *sette* og *dømde* vera analogisk, noko som er sers lite trulegt når me veit at (*i*)*ja*-verbi er den største gruppa millom verbi med tvostava, linn fyrtridsform.

Med andre ord er det best å halda på den tradisjonelle uttydingi, som legg oppkoma av tonelagi til den gamalnordiske bolken av målsoga. Etter

Oftedal (1952: 220 ff.) voks tonelagi fram i nær samanheng med den bundne artikkelen. Til å byrja med stod denne artikkelen enklitisk til substantivet og må då ha havt ei fonologisk grensa fyre seg, soleis at me ikkje tarv rekna med fonologisk tonelagsskilnad enno. Etter kvart voks artikkelen saman med substantivet, og med oppgjevingi av den fonologiske grensa, men uppehaldet av tonegangen frå substantivet, fekk me distinktiv tonelagsskilnad.

Med grunnlag i dei vitnemåli som skaldekvæde gjev, reknar ein med at den enklitiske artikkelen kom i bruk ikkje seinare enn um lag 1000 (jf. Noreen 1923 § 472 med tilvising til Finnur Jónsson 1921: 315, sjå dessutan Finnur Jónsson 1901: 79 ff.). I dei eldste norrøne handskriftene er det døme på serskriving av artikkelen, t.d. i den islenske og norske homilieboki (Kjartan Ottósson 1986: 184), men Oftedal (1952: 220) held honom alt då for å vera eit bunde morfem, jf. vokalburtfallet i ord som *haninn* (< \*hani inn),<sup>1</sup> *sagan* (< \*saga in) og *rikit* (< \*riki it). Tonelagsskilnaden må same kva ha vore skipa på denne tidi, for som Kjartan Ottósson (sst.) peikar på, er det “klart att distinktionen är äldre än uppkomsten av svarabhaktivokal, som ägde rum i alle de nordiska språken på 12- och 1300-talet, eftersom enstaviga ordformer som svarabhaktivokalen gjorde tvåstaviga ändå behåller sin accent 1”.

Men tonelagsskilnaden finn ein òg i andre tilfelle. Ein kann jamføra ein gamal samansetjingstype med einstavings fyrelekk som t.d. *utgang*, *heimkoma* med tonem 2 og ein nyare type som t.d. *utgjengen*, *heimkomen* med tonem 1. Slik samansetjing med substantiv som etterlekk er gamal, medan samansetjing med partisipp er ei retteleg ny samanrykkjing i norrønt mål. Skilnaden millom <sup>2</sup>*heimkoma* og <sup>1</sup>*heim-komen* ser ut til å vera av same slag som skilnaden millom <sup>2</sup>*brote* og <sup>1</sup>*brot-e(t)*. Etter di utslaget i tonelag er det same, må truleg denne samanrykkjingi vera um lag like gamal som samanrykkjingi av substantiv og artikkel, men bae er vande å tidfesta noggrant. På klassisk norrønt heiter det vel predikativt: *hann er kominn heim* eller *hann er heim kominn*, kann henda òg *hann er heimkominn*, men attributivt må det vera: *heimkominn sonr* med samansetjing, då språket elles ikkje tillèt fyrestelte partisippkonstruksjonar med setningslekar under partisippet. Ein annan nyare samansetjingstype er samansette substantiv med fyrelekk i genitiv. Er fyrelekken ei einstavings genitivform, som t.d. *landsendir*, *landsmaðr*, *skipsflak*, fær dei mest alltid tonem

1. Her er den norrøne formi skrivi rangt hjå Oftedal (*hanin*).

1 i skandinavisk. Men er fyrelekken ein einstavings stomm, som i *landnám*, *landsýn*, *skipbrot*, er det gamle at samansetjingi fær tonem 2. Der som språket i landnámstidi hadde samansetjingar av typen *útgenginn*, *heimkominn* eller av typen *landsmaðr*, *skipsflak*, må det ha havt tonelag den gongen.<sup>2</sup>

Grunnlaget for den tonelagsskilnaden som kom opp, ser Oftedal (1952: 221) i ein fonetisk aksent som skilde ut einskildord i høve til strenger av ord, det han kallar eit "Grenzsignal". Han tenkjer seg at alle fleirstava ord hadde ein tonegang som svara til det som seinare skulde verta tonem 2, medan alle strenger av ei trykkting staving attåt ei eller fleire stavingar med mindre trykk som ikkje høyrde til same ord, hadde tonegangen som seinare vart til tonem 1. I denne samanhengen kjem Oftedal inn på høvet for at islensk kann ha utvikla tonelagsskilnad:

How old this principle of accentuation was, is of course unknown. The fact that Icelandic lacks the modern accent distinction may indicate that its fore-runner, the boundary-making accentuation, did not develop until after the period of the Norwegian colonization of Iceland (870–930 A.D.). But this is not decisive; Icelandic may have had the accent distinction or its predecessor, and lost it.

Ein lyt segja seg samd i at me ikkje kann slutta noko sikkert um islensk "burde" ha utvikla tonelagsskilnad eller ikkje, men so nære som norsk og islensk må ha stade einannan på denne tidi, og med det sterke sambandet som me veit hev vore millom Island og Noreg, so er det i alle fall sannsynlegt at dei tvo måli fekk sams vokster i dette stykket. Det er elles inkje som skulde tilsegja at islensk ikkje kann ha havt tonelagsskilnad og so mist honom, jf. Liberman (1976: 10), som peikar på at sume vestnorske målføre må ha mist skilnaden "for some inner reasons".

Me skal ikkje ganga nærare inn på dette slaget ålmenne umdømingar her, for som Kjartan Ottósson (1986: 185) segjer, lyt dei "vika när man har mera handgripliga fakta att stödjá sig på". I neste bolck skal me sjá på dei tingi som hev vore dregne fram i ordsiftet so langt.

2. At opphavet til tonelag ikkje berre ligg i framvoksteren av etterhengd artikkel, ser ein òg av at vestjysk utan etterhengd artikkel òg hev fenge *stød* av tonem 1.

## Indisium på tonelagsskilnad i islendsk

Artikkelen “Indicier på tonaccentsdistinktion i äldra isländska” av Kjartan Ottósson (1986) fungerer som ei oppsummering av *Stand der Forschung* når det gjeld tonelagsskilnad i islendsk, og framstillingi her kjem difor til å byggja mykje på den. Som Kjartan Ottósson skriv, er det “inte ... så lett att konstatera att tonaccentsdistinktionen finns i äldre språkskeden” (s. 185 f.), men han viser til at noggrann gransking av rim og andre metriske tilhøve kann gjeva opplysningar, i tillegg til utgreidingar um målet frå dei seinaste hundradåri.

Dei viktugaste argumenti for at islendsk skal ha havt tonelagsskilnad, hev vore henta frå metrikken. Etter Jón Helgason (1926) skal islendsk diktning frå 1400-talet syna at dei skilde greidt dei nye tvostavingsordi med svarabhaktivokalen *u* frå gamle tvostavingsord, og han vil forklåra det med den musikalske aksenten.<sup>3</sup> Kjartan Ottósson (1986: 187) peikar på at Jón Helgason ikkje byggjer upp under påstandet sitt med døme, men legg til at “[d]et kan dock ingalunda avvisas på rak hand, därtill var Jón en för stor kännare av litteraturen i fråga”.

So seint som frå 1600-talet skal det finnast døme på at opphavleg einstava ord, “som då utan tvekan fått svarabhaktivokal” (Kjartan Ottósson 1986: 187), vert haldne for seg metrisk. Det er i diktverket *Egils rimur Skallagrímssonar* av Jón Guðmundsson i Rauðseyjar, dikta i 1643, som Stefán Karlsson (1964) hev granska. Han hev synt at ord med svarabhaktivokal vert nytta der metret krev eller tillèt einstavingsord, og at dei synest aldri å rima på ord med opphavleg *-ur*. Stefán Karlsson (1964: 26) vil tyda ut den ulike handsamingi av *-ur* av gamal *-r* og *-ur* med “að tónkvæði (musikalsk akcent) hafi enn verið í málinu, eins og enn er í norsku og sænsku”, og viser til Jón Helgason um 1400-talsdiktningi. Men her ligg det nærare å tolka varianten *-ur* for eldre *-r* som syllabisk *-r* og at det er grunnen til at han ikkje rimar på gamal *-ur*. Diktet “Ljómur” av biskop Jón Arason frå tidleg på 1500-talet tek til med lina: *Hæstur heilagr andi* (Jón Helgason 1936: 122). Her tel den gamle endingi *-r* som staving fyre konsonant, men ikkje fyre vokal, og soleis er det gjennom heile diktet. Det ser ut som syllabisk og asyllabisk variant av /r/. Legg ein til norske tonelag, fær ein <sup>1</sup>*hæstur* med tonem 1 og <sup>2</sup>*heilagr* med tonem 2. Tolkingi

3. Me hev diverre ikkje fenge tak i artikkelen åt Jón Helgason, so referatet vårt byggjer fullt og heilt på Kjartan Ottósson 1986.

av skiftande  $-(u)r$  som utslag av tonem 1 høver berre på gamle einstavingsformer som *hest(u)r*, ikkje på fleirstavingsformer som i tilfelle måtte hava tonem 2 som *heilag(u)r*. Desse skrivemåtane segjer difor inkje um tonelag.

Dei andre teikni på tonelagsskilnad i islensk, som Kjartan Ottósson medgjev er “svagare än de andra”, er nokre fråsegner som gjeld uttalen på Aust-Island hjå tvo 1700-tals-grammatikarar, Jón Ólafsson frá Grunnavig og Eggert Ólafsson. Den fyrstnemnde segjer i det uprenta arbeidet *Ortographia Islandica*, i den luten som er skriven ca. 1733, at “[p]ar eru enn þá mörg fornyrði, og tóninn, sem enn varir í Noregi á sínum stöðum” (hermt etter Kjartan Ottósson 1986: 187), medan Eggert Ólafsson på si sida rosar austlendingane for at dei hev teke betre vare på målet enn andre islendingar, og skriv at “Accenten og Lyden i Udtalen” er “noget besynderlig, og ligner meest den Norske” (i ei skildring av målet på Austlandet frå 1772, hermt etter Kjartan Ottósson 1986: 188). Desse fråsegnene er alt anna enn eintydige og kann slett ikkje takast til inntekt for at det fanst ein tonelagsskilnad på Aust-Island på 1700-talet lik den som fanst i Noreg. Det held å nemna at Stefán Einarsson (1932: 570 f.) hev vilja knyta deim til ein serskild setningsintonasjon som han meinte å høyra i målføri der i si eigi samtid.

Ingi av dei indisii på tonelag i islensk som hev vore umtala fyrr, og som Kjartan Ottósson tek upp i artikkelen sin, gjev noko prov i saki. Tonelaget i formene med etterhengd artikkel og i andre samanrykkjingar byggjer på stavingstalet ordi hadde strakst etter synkopetidi (og fyre nyare svarabhaktiovringar), med andre ord ikring år 800 eller kann henda noko fyrr. Dimed kann heller ikkje skandinavisk målsoga gjeva ei litande tidfesting av fonemiseringi av tonelag fyre eller etter landnåmet på Island.

### Tridje grammatiske avhandling

Den sokalla tridje grammatiske avhandlingi er yverlevert fullstendig i tvo handskrifter, AM 748 I 4° (A) frå ca. 1300–25 og AM 242 fol., d.e. Codex Wormianus av Snorris Edda (W), frå ca. 1350. Dessutan finst luter av henne i AM 757a 4° (B) frå ca. 1400 og tvo blad av ei avskrift av W i AM 757b 4° frå ca. 1400–1500 (alle dateringar etter ONP; for meir um yverleveringi sjå Krömmelbein 1998: 31 ff.). Den eldste handskrifti, A, vert rekna for å vera den beste og ligg til grunn for den normaliserte utgåva

åt Finnur Jónsson (1927), som me med eitt undantak kjem til å fylgja når me hermer or avhandlingi.<sup>4</sup>

Namnet sitt hev Tridje grammatiske avhandling (frå no TGA) fenge av plasseringi millom dei tri andre grammatiske avhandlingane i Codex Wormianus. Ho er anonym, men av ein sluttmerknad i A gjeng det fram at det er Óláfr Þórðarson, med tilnamnet *hvítaskáld*, som hev skriva henne (Ólsen 1884: 119). Óláfr Þórðarson (ca. 1210–1259) var brorson åt Snorri Sturluson og hadde vakse upp i det lærde miljøet kring honom. Han var med farbroren til Noreg i 1237 og vart verande i Nidaros nokre år. I 1240–41 heldt han til ved hoffet åt kong Valdemar 2. i Danmark og fekk venteleg viktuge impulsar frå kontinentet der. Etter å ha kome attende til Island i 1240-ári grunnlagde han ein skule i Stafaholt, og den grammatiske avhandlingi vart truleg til som ein lekk i undervisingi der.<sup>5</sup>

TGA knyter seg nøgje til dei latinske grammatikarane, og terminologien og definisjonane er ofte reine kalkeringar yver denne litteraturen. Avhandlingi fell i tvo luter som av utgjevarane vert kalla *Málfræðinnar grundvöllr* (kap. 1–9) og *Málskrúðsfræði* (kap. 10–16), der den fyrste skal vera ei umarbeiding av Priscians *Institutiones*, medan den andre fylgjer nøgje tridje bok av Donats *Ars major* (Holtmark 1960, sp. 417). Med relevans for spursmålet um tonelag i islensk er tri av kapitli i den fyrste luten, som tek upp stavar (kap. 2), attributt til stavar (kap. 3) og aksent serskilt (kap. 8), og dessutan kapitlet um *barbarismus* i den andre luten (kap. 11). Fyrr me gjeng inn på det Óláfr skriv um aksentar i desse kapitli, vert det naudsynt å gjera stutt greida for aksentlæra åt dei latinske grammatikarane.

### *Den klassiske aksentlæra*

Dei latinske grammatikarane opererte med tri ulike tonelag eller aksentar, det er *accentus acutus*, *accentus gravis* og *accentus circumflexus*. Desse tri aksentane var i røyndi eit drag ved det gamalgræske målet som grammatikarane freista å yverføra på latinen (d.e. reint teoretisk, ikkje i almenn skrivegjerd). I gamalgræsk var det ei skifting millom høg og låg tone, soleis at *accentus acutus* (´) stod på den stavingi der tonen var på

4. Finnur Jónsson nyttar ei noko idiosynkratisk normalisering i denne utgåva, t.d. skil han millom upphavleg *ø* og *o*, men lét *æ* og *œ* falla saman i <æ>; i røyndi fall *ø* og *o* saman (i *ø*) i islensk fyre *æ* og *œ*.
5. Upplysningane um Óláfr Þórðarson byggjer for det meste på framstillingi åt Finnur Jónsson (1927: 3–10).

sitt høgste. Heile denne skiftingi frå høg til låg tone kunde koma fram på ein lang vokal, og då fekk ein *accentus circumflexus* (˘). Denne samansette tonen kunde berre standa yver dei tvo siste stavingane i eit ord, og når næst siste staving hadde lang vokal og siste stutt, laut næst siste staving hava cirkumfleks um ho skulde hava aksent. Medan akutt og cirkumfleks var distinktivt ulike tonar i gamalgræsk, som ein kann sjå av minimale par som οἴκοι ‘heime’ mot οἴκοι ‘hus’ (pl.), var den tredje aksenten, *gravis*, berre den låge tonen som alle andre stavingar hadde, d.e. dei som ikkje hadde anten akutt eller cirkumfleks. Dersom ein markerte dei tvo andre aksentane, vart teiknet for *gravis* (˘) difor langt på veg redundant, og det er berre i eitt av dei tidlege systemi for aksentmarkering hjå aleksandrinske grammatikarar at kvar låg tone er markert, t.d. Φῆδος (Allen 1987: 125).<sup>6</sup> Ein kunde likevel ha bruk for å markera proklitiske ord med *gravis* på siste staving som t.d. μετὰ ταῦτα ‘etter dette’.

Latinske grammatikarar bruka dei græske umgripi til å skildra latinsk aksentuering. Latin hadde ikkje ulike tonelag, men aksentuerte stavingar hadde nok ein høggre tone enn uaksentuerte; båe tingi kjem klårt fram hjå retorikk læraren Quintilian (I.5.22–31). I klassisk tid var det truleg liten skilnad i trykk på aksentuerte og uaksentuerte stavingar, og grammatikarane nemner ikkje noko um trykk. *Accentus* er umsetjing av det græske ordet προσφῶν (‘det attåtsungne’). Det same vart òg kalla τόνος på græsk og stundom *tenor* eller *tonus* på latin. Den høggre tonen i aksentuert staving på latin kunde kann henda hava variantar som minte um græsk akutt eller cirkumfleks aksent. Alt i det fyrste hundreåret før Kristus hadde latinske grammatikarar sett upp eit system for automatisk fordeling av akutt og cirkumfleks aksent, med andre ord det me kunde kalla allofonireglar.

Prisican (500-talet) gjev denne skildringi i *Institutiones*:

... singulae vocales denos inveniantur sonos habentes vel plures, ut puta *a* litera brevis quattuor habet soni differentias, cum habet aspirationem et acuitur vel gravatur, et rursus cum sine aspiratione acuitur vel gravatur, ut ‘*hábeo*,

6. Som Allen skriv (*loc.cit.*), var denne praksisen “clearly uneconomical and inelegant”, og dette systemet vart seinare avløyst av det bysantinske, der berre den høge og samansette tonen er markerte fylgjestrengt (med akutt og cirkumfleks). Teiknet for *gravis* vart då i staden mest bruka til å markera ein akutt på siste staving i eit ord som stod rett fyre eit anna aksentuert ord, t.d. ἀγαθός ταμίας. Denne nyare aksentueringsspraksisen hev likevel inkje å segja for den lærde latinske aksentueringi, som bygde på den aleksandrinske tradisjonen.



*håbemus*’, ‘*ábeo*, *ábimus*’. longa vero eadem sex modis sonat: cum habet aspirationem et acuitur vel gravatur vel circumflectitur et rursus cum sine aspiratione acuitur vel gravatur vel circumflectitur, ut ‘*hámis*, *håmorum*, *håmus*’, ‘*árae*, *årarum*, *åra*’.<sup>7</sup> (Keil 1961: 7; dømi er merkte ut her)

Dømi hjå Priscian kunde ein setja upp soleis:

Tab. 1. Aksentar hjå Priscian.

	Stutt vokal		Lang vokal	
	Utan aspirasjon	Med aspirasjon	Utan aspirasjon	Med aspirasjon
<b>Akutt</b>	<i>ábeo</i>	<i>hábeo</i>	<i>árae</i>	<i>hámis</i>
<b>Cirkumfleks</b>			<i>åra</i>	<i>håmus</i>
<b>Gravis</b>	<i>ábimus</i>	<i>håbemus</i>	<i>årarum</i>	<i>håmorum</i>

Dømi med gravis er døme på det me vilde kalla *uaksentuerte* stutte og lange *a*-ar. Desse formene hev aksent på andre staving og skal lesast *abimus* (= *ábimùs*), *habemus* (= *håbémùs*) osb. Aksentuerte stutte vokalar hev akutt aksent (*ábeo*, *hábeo*), aksentuerte lange vokalar hev akutt eller cirkumfleks etter eit græskinspirert system, d.e. akutt fyre staving med lang vokal (*árae*, *hámis*) og cirkumfleks fyre staving med stutt vokal (*åra*, *håmus*). Dessutan hev aksentuerte einstavingsord akutt um vokalen er stutt som i *fáx*, men cirkumfleks um vokalen er lang som i *påx*. Det er med andre ord ingen fonologisk opposisjon millom nokon av desse aksentane; dei er skifte heilt etter lengd og umgjenvader.

#### *Aksentlara át Óláfr Þórðarson*

Som me såg i den fyrre bolken, er det råd å få noko ut av aksentueringi át dei latinske grammatikarane, me kann t.d. sjå kva staving som hadde høg tone (og helst eit noko sterkare trykk) i dei ymse ordi. Sameleis meiner me at det er råd å få noko ut av det Óláfr Þórðarson skriv um aksent (*hljóðsgrein*) i TGA som kann kasta ljós yver spursmålet um gamalislensk hev havt tonelagsskilnad eller ikkje. Denne sida ved verket át Óláfr hev ikkje vore verdsett noko serleg av deim som hev granska og gjeve ut

7. “Det finst einskilde vokalar som hev ti ljodar eller fleire, som til dømes *a*, som når han er stutt, hev fire ulike ljodar etter um han hev aspirasjon og er kvass eller tung, og umvendt er utan aspirasjon og er kvass eller tung, som ‘*hábeo*, *håbemus*’, ‘*ábeo*, *ábimus*’. Men same [staven], når han er lang, ljodar på seks måtar: etter um han hev aspirasjon og er kvass eller tung eller umbøygjeleg, og umvendt er utan aspirasjon og er kvass eller tung eller umbøygjeleg, som ‘*hámis*, *håmorum*, *håmus*’, ‘*árae*, *årarum*, *åra*’” (vår umsetjing).

TGA. Björn Magnússon Ólsen skriv i utgåva si (1884: 41) i ein merknad til kap. 3 at “[h]er som overalt, hvor forfatteren kommer ind paa [sic] akcentforholdene, ser man hans ringe forståelse af sit modersmåls akcent samt det fortvivlede i at ville overføre de græsk-latinske akcentregler på islandsk”. Finnur Jónsson skriv i innleiðingi til utgåva si:

Til Olafs originale bidrag må regnes hans sproglige bemærkninger, men her har han, som vænteligt var, været særlig uheldig. I det første afsnit overfører han uden videre den latinske aksentuering på det islandske sprog, og anfører eksempler, der formelt slutter sig til de latinske forbilleder, men som umuligt kan anvendes på det islandske sprog. Kun angivelsen af korte og lange stavelser er rigtig nok, da kvantiteten i islandsk og latin i alt væsentligt var ganske den samme. (Finnur Jónsson 1927: 14)

Etter vår meining er Björn M. Ólsen og Finnur Jónsson altfor negative i vurderingane sine. Ein lyt hugsa på at det å yverføra latinske aksentreglar til islandsk er noko anna enn å nytta umgrip frå tradisjonell latinsk aksentlæra til å skildra islandsk aksentuering. Utgangspunktet vårt er at ein lyt strekkja seg langt for å skyna Óláfr Þórðarson på eigne premissar og ikkje berre avfeia det han skriv som hjelpelause, lærde konstruksjonar. Ein som hev freista å tolka aksentane åt Óláfr med ein meir open hug, er Kristján Árnason (1993), men haltande innsyn i det skandinaviske tone­lagssystemet (jf. det han skriv på s. 193 f.) hev hindra honom i å koma fram til noko eigenlegt resultat.

Me kjem til å taka fyre oss det Óláfr skriv um akcent i kap. 2 og 8 fyrst, med di det er fyllugast og samsvarar vèl, og so ganga attende til kap. 3, som er vandare å måta inn i heilskapen.

I motsetnad til kap. 8, som er tileigna akcent åleine, kjem Óláfr umveges inn på akcent i kap. 2. I samband med at han skal gjeva døme på at talen, liksom alt anna som er likamlegt, hev tri mælestavar eller dimensjonar (*þrenna mæling*), d.e. høgð, breidd og lengd,<sup>8</sup> tek han fyre seg stavingi (*samstafa*), som hev “hæð í hljóðs-grein, en breidd í anda, lengd í tíma”, og legg til at kvar staving er anten *hvöss*, *þung* eller *umbeygilig*. Det

8. Punktet um dei tri dimensjonane ser det ut til at Óláfr hev frá eit ekserpt or ei tekst som refererer Varro (1. há. f.Kr.) og som er prenta i Goetz og Schoell 1910. Dette punktend stend på s. 210 og byrjar soleis: “scire oportet vocem sicut omne corpus tris habere distantias: altitudinem, crassitudinem, longitudinem” ‘Ein bør vita at røysti som alle andre likamar hev tri dimensjonar: høgð, breidd og lengd’. Desse umgripi vert knytte til *accentus*, *aspiratio* og *tempus*.

er då dei tri aksentane, ordrett umsette frå latin *acutus* 'kvass; høg (um tone)', *gravis* 'tung; låg (um tone)' og *circumflexus* 'umbøygjeleg'. So fylgjer ei nærare utgreiding um det som sermerkjer dei ulike aksentane, med døme på kvar av deim:

Hvøss hljóðs-grein er sú, er skjótliga er fram færð með upphöldnu hljóði sem þessi samstafa, *hvat*. Þung hljóðs-grein er sú, er af lítillátu hljóði hefz ok dregz niðr í enn lægra hljóð sem hin fyrsta samstafa í þessu nafni, *hareysti*. Umbeygilig hljóðs-grein er sú, er hefz af lítillátu hljóði ok þenz upp sem hvøss hljóðs-grein, en fellr niðr at lyktum sem þung hljóðs-grein svá sem þetta nafn, *hvastr*. (Finnur Jónsson 1927: 24; dømi er merkte ut her)

Her som i kap. 3 og 8 hev handskriftene ikkje noko aksentteikn yver vokalteikni, burtsét frá at W hev <Raúft>, der Björn Magnússon Ólsen (1884: 4) meiner at aksentteiknet er sett til seinare. Men for alle desse dømi gjev umtalen av deim eintydig melding um kva for aksent ordi hev. I kap. 8 finn me um lag dei same formuleringane som i kap. 2, men med andre døme:

Sú samstafa hefir hvassa hljóðs-grein, er hefz af lítlu hljóði ok endiz í hvassara hljóð sem þessar samstøfur, *var*, *þar*, ok er hon svá merkt ' . Þunga hljóðs-grein hefir sú samstafa, er hefz af lítlu hljóði ok endiz í lægra hljóð sem þessar samstøfur enar fyrri, *hára*, *sára*, ok er sjá hljóðs-grein svá nóteruð ` . Umbeygiliga hljóðs-grein hefir sú samstafa, er hefz af lítlu hljóði ok dregz upp í hvassara hljóð en niðr at lykðum í lægra sem þessar samstøfur, *árs*, *sárs*, ok er sú hljóðs-grein svá nóteruð α. (Finnur Jónsson 1927: 35 f.; dømi er merkte ut her)<sup>9</sup>

Denne uppattakingi á sjá til hev fenge granskarar til á hevda at det som stend um dei ulike slagi aksent i kap. 2, i lag med framhaldet um dei tvo andre mælestavane, d.e. breidd og lengd, er interpolert i teksti (soleis Finnur Jónsson 1927: 16 f.). Me kann ikkje sjá at det er ei naudsynt slutning. Teksti át Óláfr treng ikkje á ha vore ferdug redigert, og den luten av kap. 2 som Finnur Jónsson meiner er eit yngre innskot (frá s. 24 l. 10

9. Aksentane i dømi er lengdeteikn. A hev ikkje lengdeteikni, W hev <árf> og <arf>, B hev <ars>, men <fárs> i staden for *sárs* (Ólsen 1884: 10, 55). Utgjeveren hev "normalisert" ortografien.

i utgåva hans), fylgjer naturleg som ei utdjuping av dei tri mælestavane som han hev nemnt at talen ovrrar seg i.<sup>10</sup>

Kristján Árnason (1993: 193–197) hev teke fyre seg skildringane Óláfr gjev av dei ulike aksentane, og halde deim upp mot serkjenni på dei tvo tonelagi i skandinavisk, men denne jamføring i hev kasta heller lite av seg. Jamvel um ein ikkje hev funne noko eintydigt fyredøme for framstillingi åt Óláfr på dette punktet, er det lett å sjå at ho byggjer på den latinske grammatiske tradisjonen. I skildringi av *hvøss hljóðsgrein* i kap. 2 hev me endátil fullt samsvar med denne tradisjonen når Óláfr skriv at denne aksenten vert framförd “með upphöldnu hljóði”, d.e. med høg tone. Då ser me burt frá adverbet *skjótliga* ‘snøgt’, som synest å vera ein eigenskap Óláfr sjølv hev lagt til denne aksenten, jf. nedanfor. Elles i skildringi av dei ulike aksentane hev me fenge inn ei rørsla som ikkje var meint upphavleg: I kap. 2 les me at *þung hljóðsgrein* byrjar i ein lågvoren (*lítillátr*) tone og dreg seg ned i ein endå lægre tone, m.a.o. ei rørsla nedetter, og likeins skal *umbeygilig hljóðsgrein* byrja i ein lågvoren tone, for so å strekkja seg upp “sem hvøss hljóðs-grein”, men falla ned til slutt som den tunge aksenten. Her hev cirkumfleksen vorte umtolka frá å vera høg tone + låg tone til å vera ei rørsla frá låg tone til høg tone og so ned til låg tone att, og me legg merke til at Óláfr i skildringi av cirkumfleksen hev baka inn ein ny analyse av *hvøss hljóðsgrein* som svarar heilt til den han hev gjeve for *þung*, d.e. at *hvøss hljóðsgrein* er stigande tone. Det me hev med å gjera her, er ei ikonografisk tolking av aksentteikni, der ´ (akutt) er stigande, medan ` (gravis) er fallande, og ^ (cirkumfleks) er analysert som ´ + ` , d.e. stigande–fallande. I kap. 8 er dette systemet gjenomført meir fylgjestrengt når Óláfr òg i skildringi av den kvasse aksenten ser fyre seg ei rørsla. Alle rørs lone hev det same utgangspunktet, “af lítlu hljóði”, som vel må tyda det same som “af lítillátu hljóði” i kap. 2, d.e. ‘låg tone’.

I denne måten å tolka aksentane som rørslor millom ulike tonehøgder i staden for tonehøgden sjølv peikar Björn Magnússon Ólsen (1884: 55) på eit moglegt fyredøme i noko 1100-tals-grammatikaren Petrus Helias skriv (nemningane er merkte ut her):

10. Me kann i alle fall ikkje ganga med på at eit eventuelt skil millom den upphavlege teksti og den interpolerte skal ganga tvert millom l. 9 og 10, med di den siste “upphavlege” setningi, “Samstøfur hafa hæð í hljóðs-grein, en breidd í anda, lengd í tíma, þvíat hver samstafa er annat hvárt hvøss eða þung eða umbeygilig”, endar med å presisera kva som ligg i *hljóðsgrein*, medan *andi* og *tími* då skulde vera ukommenterte.

Aut enim a gravi voce incipimus et in acutum tendentes ibidem desinimus, et accentus hic dicitur *acutus*. Aut ab acuto incipimus et in gravem tendentes ibidem perseveramus, et est *gravis* accentus. Aut a gravi in acutum tendentes ad gravem revertimur, et accentus hic *circumflexus* dicitur.<sup>11</sup>

Me hev likevel den skilnaden i høve til Óláfr at Petrus reknar med at *gravis* tek utgangspunkt i høg tone (*acutus*), og ikkje i låg. (Dette er meir i samsvar med det ikonografiske fyrelegget, jf. utsjånaden på gravisteiknet.) Det er truleg dette som fær Finnur Jónsson (1927: 36) til å slutta at “[d]ette er beslægtet med Olafs fremstilling, men ikke hans original”. Denne parallellen skulde i alle høve syna at det er liten mun i å freista å lesa islenske tonelag inn i skildringi Óláfr gjev av dei ulike aksentane. Det tyder likevel ikkje at han ikkje kann ha gruppert dømi på dei ulike aksentane på ein slik måte at ein mogleg tonelagsskilnad kjem fram.

Me finn stort samsvar millom kap. 2 og 8 når det gjeld bruk av døme: Dømi på kvass aksent er alltid einstavingsord med stutt vokal (*hvat* i kap. 2, *var*, *þar* i kap. 8), og dømi på umbøygeleg aksent er alltid einstavingsord med lang vokal (*árs*, *sárs* i kap. 8) eller tviljod (*bravstr* i kap. 2). Endeleg er dømi på tung aksent alltid fleistava; tvostava i *hára*, *sára* i kap. 8 og tristava i *háreysti* i kap. 2, der det siste ordet er ei samansetjing. Skiftingi av kvass og umbøygeleg aksent høver godt med at den klassiske *circumflexus* berre kunde standa på lang vokal, medan *acutus* kunde standa på både lang og stutt. Det ser ut til at Óláfr hev umtolka denne skilnaden millom akutt og cirkumfleks til berre å verta eit spursmål um vokalengd i islensk, jf. at den kvasse aksenten vert sagd å vera “skjótliga ... fram færð” i kap. 2. I kapitlet um *barbarismus*, som me skal sjå på nedanfor, fær me styrkt dette inntrykket.

Når Óláfr talar um tung aksent på fyrste staving i fleirstava ord som *háreysti* i kap. 2 og *hára*, *sára* i kap. 8, må nemningi koma av ei mistyding av gravisteiknet i latinske former som *ábimus*. Han må ha teke *gravis* for å vera ein eigen aksent på lina med akutt og cirkumfleks og identifisert dette med trykk på fyrste staving i islenske fleirstavingsord. Det gjev seg sjølv at denne praksisen, der fleirstava ord vert gjevne eitt slag aksent,

11. “Anten byrjar me med tung tone og stemner mot kvass [tone] og endar der, og denne aksenten vert kalla *acutus*. Eller me byrjar med kvass [tone] og stemner mot tung og vert verande der, og det er *gravis* aksent. Eller [me byrjar] med tung [tone] og stemner mot kvass og vender attende til tung, og den aksenten vert kalla *circumflexus*” (vår umsetjing).

ikkje kann segja noko um ein mogeleg tonelagsskilnad i islensk. Men det er heller ikkje noko som bægjer for at ein slik skilnad kann liggja attum: Alle ordi som vert sagde å hava tung aksent, måtte i eit skandinavisk tonelagssystem få tonem 2. Ein kann soleis tenkja seg ein opposisjon millom kvass og umbøygeleg aksent på den eine sida (= tonem 1) og tung aksent på den andre (= tonem 2). At dei einstava ordi hev fenge dei tvo fyrste aksentane, høver då godt med at ein plar meina at tonegangen i einstavingsord reint fonetisk minner mest um tonem 1 (jf. upphavet åt dette tonelaget). Det er likeins forvitnelegt at dette skilet gjeng på tvers av dei latinske dømi åt Priscian, der fleirstava ord kann hava alle tri aksentane.

I kap. 3 kjem Óláfr inn på *hljóðsgreinir* i samband med *stafanøfn*. Han viser til at Priscian segjer at kvar stav hev ti eller fleire ljodar alt etter koss ein kombinerer aksent, aspirasjon og kvantitet, og gjev so døme på kvar av dei ulike kombinasjonane med islenske ord (nokre av dømi hev falle ut i yverleveringi):

Stafa-øfn eru xvi. í nórænni tungu í þá líking sem Girkir høfðu forðum daga, en þó eru merkingar þeira miklu fleiri, þvíat Prisciánús segir, at hverr raddar-stafr hafi x hljóð eða fleiri svá sem *a*, ef þat er skamt hefir iiiii. hljóðsgreinir, hvassa hljóðs-grein fyrir utan áblásning *b* sem hér, *ari*, þunga hljóðsgrein enn fyrir utan *b* sem hér ... hvassa hljóðgrein með áblásning *b* sem hér, *hafi*, ok þunga hljóðs-grein með *b* sem hér, *hafandi*. Langt *a* hefir vi. hljóð; ef þat hefir áblásning *b*, þá berr þat annat hvárt hvassa hljóð-grein eða þunga eða umbeygiliga sem hér ... Slikt hit sama, ef þat hefir eigi áblásning, hljóðar þat iii. leiðir sem þessi øfn, *ári áranna [á]ra*. (Finnur Jónsson 1927: 25 f.; dømi er merkte ut her)<sup>12</sup>

Her er det vandare å finna noko mynster som skulde høva for islensk. Me ser at tvostava ord med både stutt (*ari*, *hafi*) og lang vokal (*ári*) skal vera døme på kvass aksent, og den einaste skilnaden i høve til ordet *ára*, som skal hava umbøygeleg aksent, vert endeljoden. Dette minner mistenkjeleg um tilhøvi i latin, der grammatikarane skilde millom *acutus* og *circumflexus* i tvostavingsord alt etter um vokalen i næste staving var lang eller ikkje. I gamalislensk er alle utyngde vokalar stutte, og ein slik skilnad vert umogleg. Um me jamfører med Priscian (hermet på s. 79 f.),

12. Ordi *ári áranna ara* i utgåva hev ikkje noko merke yver *a*-ane i handskriftene (Ólsen 1884: 42). Det er ein inkonsekvens hjå Finnur Jónsson når han ikkje set lengdestrik yver den fyrste *a*-en i *ara* (her retta til *ára*).

som utgjevarane (Ólsen 1884: 41, Finnur Jónsson 1927: 25) reknar med ligg til grunn for utgreidingi át Óláfr, finn me ein sláande parallell til *ári* med kvass og *ára* med umbøygjeleg aksent i dei tilsvarende dømi hans med lang vokal, d.e. *árae* og *ára*, nom. pl. og sg. av *āra* f. ‘altar’. I (sein) klassisk latin vart det fyrste ordet truleg uttala [‘a:rɛ:] (jf. Allen 1965: 61 um einljodingi av *ae*), men seinare vart den utlydande vokalen stytt (ved kvantitetsumleggjingi) og hoven til [-e], jf. at latinsk *ae* vart skriven *e* frå det 12. hundradåret (Langosch 1975: 53). Uttalen av dette ordet i latinen i samtidi át Óláfr var med andre ord [‘a:re], som svarar heilt til norr. *ári* (det fanst ingen opposisjon millom [-e] og [-i] i utyngd staving i gamalislensk). Det kann also sjå ut til at Óláfr i dette tilfellet ikkje hev greidt å riva seg laus frå det latinske fyredømet sitt.

Det kann i det heile sjå ut til at kap. 3 hev ei eldre framstilling av islenske aksentar, der Óláfr Þórðarson enno ikkje hev løyst seg nok frå det latinske fyredømet når det gjeld tvostavingsord, medan han i kap. 8 hev sét at islenske tvostavingsord hev same aksent som tristavingsord, som hev gravis på fyrste staving både i kap. 2 og 3.

### *Barbarismane*

I den andre luten av avhandlingi, den um figurar og tropar (*málskrúðsfræði*), fylgjer Óláfr Þórðarson likeins latinsk skulegrammatikk frá seinantikken, og det meste av dette skynar han på same måte som desse seinantikke grammatikarane. (Sumt frå eldre latinsk tradisjon vert mistydt hjå seine grammatikarar, t.d. det som gjeld *mytacismus*, og slike mistydingar gjeng att hjå Óláfr, som ein måtte rekna med.)

Den fyrste gruppa av figurar er *barbarismus*, som fyller kap. 11 hjå Óláfr, “De barbarismo”. *Barbarismus* er eit umgrip i den klassiske grammatikken som vert sett på fonologiske og morfologiske avvik frå den etablerte standarden. Slik Óláfr legg det fram, tenkte ein seg at desse avviki kom av at menn som hadde framande tungemål til morsmål (*barbari*), lærde seg latin berre uheilt: “Þá drógu margir ónæmir menn látínuna eptir sínu eiginligu máli ok spiltu svá tungunni” (Finnur Jónsson 1927: 40). Dei fleste dømi på *barbarismus* hjå Óláfr høver med Donat. Men Óláfr vil tydeleg hava med nokre døme på ordspel av eit slag han kjenner frå norrøn skaldediktning av det skjemtande slaget, og som han ikkje finn att i figurlista át Donat. Det er spel med ord som er sers like fonologisk, men tyder heilt ulike ting. Slike ordspel er millom anna med i figuren *ofljóst* (‘sers tydelegt’, d.e. i røyndi ‘uklært’). Døme på slike ordspel set Óláfr inn

i lag med dømme på *barbarismus* i vanleg meining, og her slumpar Óláfr til å gjeva viktuge prov for tonelagsskilnad i islensk i samtidi hans.

*Barbarismus* er av fire slag (*kynkvíslir* ‘ættgreiner’), segjer Óláfr, det er *viðrlagning*, *aftekning*, *skipting* og *umsnúning*.<sup>13</sup> Dette svarar heilt til umgripi *adjectio*, *detractio*, *immutatio* og *transmutatio* hjá Donat (jf. Finnur Jónsson 1927: 41, note). Desse brigdi kann ráka både stav (*stafr*) og staving (*samstafa*) og dei ulike eigenskapane át stavingi: kvantitet (*stund*), aksent (*hljóðsgrein*) og aspirasjon (*áblásning*). Óláfr segjer vidare at “[b]arbarismus er með öllu flýjandi í alþýðligu orðtæki, en í skáldskap er hann stundum leyfðr fyrir sakir skruðs eða nauðsynja” (Finnur Jónsson 1927: 41). Han nemner so dømme frá islensk dikting på kvar av dei fire slagi *barbarismus*, skifte på dei ymse tingi som vert brigde, jf. tab. 2 nedanfor, der tali i parentes viser til strofenummereringi i utgåva át Finnur Jónsson.

Tab. 2. Dømme på ulike former for *barbarismus* i TGA.<sup>14</sup>

	viðrlagning	aftekning/afdráttur	skipting/skipti	(um)snúning
stafr	<i>mega</i> > <i>megja</i> (5)	<i>tvenn</i> , <i>þrem</i> > <i>tvén</i> , <i>þrén</i> (3)	<i>Sumar hvert</i> > <i>Sumar hvern</i> (7)	<i>brott</i> (t) > <i>bort</i> (8)
samstafa	<i>hvárr</i> > <i>hvaðarr</i> (6)	<i>Rínar</i> - > <i>Rín</i> - (4)		
stund	<i>vöndol</i> > <i>vöndól</i> (9)	<i>vindára</i> > <i>vindara</i> (10)		
hljóðsgrein	<i>bánum</i> > <i>bénum</i> (12)		<i>Mána</i> > <i>má ná</i> (11)	
áblásning	<i>rammastan</i> > <i>brammastan</i> (13)	<i>Hlakkar</i> > <i>Lakkar</i> (14)		

Me ser at Óláfr ikkje hev nokon dømme på skifte eller umsnuing av staving, som i og for seg skulde vera mogeleg å finna (t.d. *hvégi nær ~ hvénærgi*). Når han hev både tillegg og burttaking av kvantitet og aspirasjon, er det kann henda ikkje so rart at han ikkje hev dømme på skifte av kvantitet og aspirasjon, men umbyting av kvantitet kunde ein tenkja seg. Det same gjeld for so vidt umbyting av aspirasjon, men her sette det norrøne målet visse grensor. Utvalet hans av *barbarismus* i aksent verkar litt tilfellelegt, og me skal sjá nærare på dømi hans nedanfor. Attát “hljóðsgreinar-skipti” (11) og “viðrlagning hljóðsgreinar” (12) kastar dømet på “aftekning stafs” (3) meir ljós yver aksentlæra át Óláfr, og “viðrlagning stundar” (9)

- I sjølvte utleggjngi av dømi brukar han òg nemningane *afdráttur* for *aftekning*, *skipti* for *skipting* og *snúning* for *umsnúning*.
- Hakepilene (>) skal ikkje uppfatast som “vert til” her, men at den fyrstnemnde formi, som høyrer heime i normalspráket i samtidi át Óláfr, ut frá hans synkrone synspunkt hev vorte skift ut med den andre formi av skalden. Ofte sviv det um ordformer som var moegele dá kvædet vart laga, men som seinare hadde gjenge or bruk.



gjev eit klårt døme på korleis Óláfr nyttar umgripet *barbarismus* i samband med ordspel. Me skal difor taka til med dei tvo sistnemnde:

Um a f t e k n i n g s t a f s verðr barbarismus sem Egill kvað:<sup>15</sup>

3. Erumz audskæf  
ómunlökri  
magar Þóris  
mæððar efni  
vinar míns  
þvíat valið liggja  
tven ok þren  
á tungu mér

Hér er af tekinn hinn síðarsti stafr í þessum tveim nǫfnum, *tven* ok *þren*, fyrir fegrðar sakir, þvíat þá þykkir betr hljóða þessar samstøfur í kviðu-hætti, at þær hafi umbeygilega hljóðs-grein heldr en hvassa, er iii. eru samstøfur í vísu-orði, ok má því kalla, at hér verði barbarismus í hljóðsgreina-skipti. (Finnur Jónsson 1927: 41 f.; dømi er merkte ut her)

Her synest Finnur Jónsson, uvisst av kva grunnar, å ha late vera å normalisera dei tvo ordi det er tale um,<sup>16</sup> men i merknadene til verstolkingi (s. 90) skriv han *tvén* og *þrén*. Når Óláfr segjer at det lyder betre i metret at dei hev umbøygeleg aksent i staden for kvass, kann det berre tyda at dei hev kvantiteten *tvén* og *þrén* i verset, jf. at det som skil umbøygeleg frå kvass aksent i læra åt Óláfr, er at umbøygeleg aksent stend yver lang vokal, medan kvass aksent stend yver stutt vokal. Når Óláfr kategoriserer dette som “aftekning stafs”, må det koma av at brigdet (i synkron meining) gjev ein bokstav mindre: *tvenn* <tvenn> → *tvén* <tven>, jf. Kristján Árnason (1993: 199).<sup>17</sup> Når Óláfr meiner at formene *tvenn* og *þrenn* hev kvass aksent, syner det at det ikkje er eit vilkor for slik aksent at stavingi

15. I W vert dette dømet introdusert som “viðrlagning stafs” (Ólsen 1884: 63), men det er openbert rangt, med di str. 5 er det røynelege dømet på “viðrlagning stafs” (Finnur Jónsson 1927: 42). Det kann tenkjast at denne mistydingi hev kome av at avskrivaren hev tenkt at det er dét (*viðrlagning*) lesaren lyt gjera, skal ordi gjeva meining for honom. Jf. eit dilikt skifte av synspunkt i samband med str. 11 nedanfor.
16. W hev <tvenn> og <þrenn> i verset (utelate i prosabolken), men dei hine handskriftene hev <tven> og <þren> (Ólsen 1884: 13, 63; Finnur Jónsson 1927: 41 f.).
17. At det var *tvennr* som var normalformi for Óláfr, vert stadfest av eit kvæde som han gjorde, i *brynhent*, frå 1240 (*Skj.* A 2: 93 ff., B 2: 105 ff.). Der rimar *tvennan* på *menn* i str. 1 og *tvenna* på *menn* i str. 5.

er stutt, som ein kunde tru ut frå dømi *hvat* i kap. 2 og *var* og *þar* i kap. 8, men at vokalen er det. Det vert som i det latinske systemet.

At aksentlæra åt Óláfr tvingar oss til å rekna med at Egill Skalla-grímsson (ca. 900–83) hev nytta ordformene *tvén* og *þrén* n. pl. i dette kvædet (*Arinbjarnarkviða* frå 962), og ikkje dei vanlege *tvenn* og *þrenn*, eller i minsto at Óláfr hev kjent til desse formene, lyt haldast upp mot andre norrøne kjeldor som kann segja noko um ljodtilhøvi i desse ordi, og ikkje minst etymologien deira. Det er ikkje andre døme på lang vokal i poetiske tekster (jf. *Lex.poet.* s.vv. **tvennr**, **þrennr**), men det eldste sikre dømet på formi *tvennr* er i den anonyme *Leiðarvísan* frå 1100-talet, der *tvennum* rimar på *-kenmandi* i str. 27 (*Skj.* A 1: 623, B 1: 629). IED (s. 645, 744) fører upp både *tvennr*, *tvinnr* og *tviðr* og *þrennr* og *þrinnr*, men ingi former med lang vokal. Desse formene kann alle førast attende på indoeuropeiske *s*-daningar med nulltrin, *\*dwi-s-no-* og *\*tri-s-no-* > germ. *\*twizna-* og *\*þrizna-*, med assimilasjon av *-zn-* til *-nn-* og evt. lægging *i* > *e* (de Vries 1962: 601, 620; Ásgeir B. Magnússon 1989: 1072, 1191). Noreen (1923 § 111.2) gjeng god for formene *tvénn* og *þrénn*, men kjeldone hans, Jón Thorkelsson (1879–85: 617) og Wadstein (1890: 131), er i det fyrste tilfellet berre ei ordbokføring av provet som TGA gjev, og i det andre tilfellet døme på skrivemåtane <tvinn> og <þren> i den gamalnorske homilieeboki der Wadstein vil tolka inn lang vokal. No er det andre døme på desse ordi i homilieeboki, og dei er gjennomført skrivne med *-nn-* i innljod (jf. Holtsmark 1955 s.vv. **tvennr**, **þrennr**), som berre peikar mot upphav i *\*twizna-* og *\*þrizna-*. Det kann likevel tenkjast at det hev funnest avbrigde av desse adjektivi med lang vokal og stomnutljod på einfeld *-n*, med di det vanlege elles i germansk er ei ieu. *k*-daning med fulltrin, i alle fall til 'tvo', d.e. *\*dwei-k-no-* > germ. *\*twīhna-*, som me finn att i got. *tweihmai* 'tvifelt', geng. *be-twēonum* 'millom' og gfris. *twīne* 'tvifelt' (de Vries 1962: 601 f.). Germansk *\*twīhna-* og sameleis *\*þrīhna-* skulde i nordisk få lægging *ī* > *ē* fyre kvarven *h* og gjeva TGA-formene *tvén-* og *þrén-*,<sup>18</sup> jf. gsv. *tvāni*, som Noreen (1923 § 111.2) viser til (*ā* må her vera sudsvensk for *ē* som *grāt* for *grēt*, jf. Wessén 1965: 30).<sup>19</sup>

18. Parallell ljodvokster finst i *tjá* og *ljá*, eldre *téa* og *léa*, jf. got. *teihan* og *leihan* (got. <ei> skal lesast /i:/).

19. Det kann tenkjast at etterlekken i adjektivet *ótvinm* 'utan tviking, urædd' høyrer til her. Ásgeir B. Magnússon (1989: 1072) vil rekonstruera eit urn. *\*twīna-* til dette ordet og legg til at det snaudt kjem av det same *\*twīhna-* som got. *tweihmai* osb., med di *\*twīhna-* hefði átt að verða *\*tvénn*. No kann *-tvinn* koma av *\*twīhna-* likevel, dersom me reknar med at vokalen er teken frå kasus der det stod ein *i* eller *u* i stavingi etter, jf. at Noreen (1923 § 111) opererer med eit slikt undantak til yvergangen *ī* > *ē* fyre *h*.

Dømet Óláfr gjev på “viðrlagning stundar”, str. 9, syner koss han nyttar umgripet *barbarismus* i samband med ein *ofljós* figur som byggjer på ulik kvantitet. Óláfr nemner ikkje sjølv at me her hev med ovringi *ofljóst* á gjera, men det gjeng klårt fram av den tolkingi han gjev. Dømet vert ein parallell til den seinare str. 11, som hev ein *ofljós* figur som byggjer på ulik aksent (jf. nedanfor), og er difor viktug á taka med:

Um stundar viðrlagning verðr barbarismus sem kvað Eilífr Guðrúnarson:

9. Váru vø[tn] ok mýrar  
verðr hitt at þau skerða  
svell var áðr um alla  
ól torráðin hóla.

Hann kallar *torráðin ól vøndol* ok gerir langa þessa samstöfu *ól* til þess at hendingar sé jafnhávar. (Finnur Jónsson 1927: 44; dømi er merkte ut her)<sup>20</sup>

Etter vår meining skal halvstrofa løysast soleis: “Vøtn váru um alla hóla ok mýrar. Áðr var svell. Verðr hitt at þau skerða torráðin ól → vønd ól → vøndol” ‘Det var vassmengder um alle haugar og myrar. Fyrr var det svell (issperringar). Det hender (då) at dei [vassmengdene] vert til skade for vanskelege/vonde trollkjerningar (*ól torráðin*)’, underforstade: ‘Det hender at dei gjer høydottane (*vøndol*) mindre.’ Her er altso *ól torráðin* ein parafrase for *vønd ól*, som skal setja mottakaren på sporet av den konkrete tydingi *vøndol* ‘høydottar’. Strofa handlar um ein flaum som øydelegg høyet. *Vønd ól* er *ofljóst* eller *fólgit* (‘dult’) for *vøndol*, og Óláfr klassifiserer *vønd ól* som *barbarismus* (“viðrlagning stundar”) for *vøndol*.

Dei tvo dømi på *barbarismus* som Óláfr gjev som gjeld aksent (11 og 12), inneheld i motsetnad til dei nyst umtala dømi dryftingar av tonegangen i tvostava ord og hev difor meir á segja for spursmålet um gamalislensk hev havt tonelagsskilnad eller ikkje. Dei tvo dømi er samstundes noko av

20. Strofa inneheld tekstkritiske problem og vanskar med tolkingi, m.a. hev Finnur Jónsson 1927 *vønd* i staden for *vøtn* i det fyrste verset, men i Ólsen 1884: 14 og *Skj. A 1*: 573 gjeng det fram at skrivaren av *W* fyrst hev skrive «vøtn» og so retta det til «vønd» (A hev ðg «vønd»), og i *Skj. B 1*: 566 hev Finnur Jónsson valt lese máten *vøtn*. Ingi av desse vanskane gjeld likevel dei ordi som illustrerer barbarismen.

det mest uklære i heile kapitlet, og me skal difor ganga nøgje gjennom deim. Me tek str. 11 fyrst:<sup>21</sup>

Þar er ok sú skáldskapargrein, er jafnan þykkir vel koma ok menn kalla ofljóst. Um hljóðsgreinar skipti verðr barbarismus, sem Einarr kvað:

11. Víst erumk hermd á hesti  
– hefir fljóð ef vill – góðan.

Hér skal annat af ráða en mælt er, ok er bæði breytt með máli ok sundrtekningum ok hljóðsgreinum, ok skal svá skilja: *víst erumk hermd á hesti: legg ek á jóreiði þokka*; hér er máli skipt. En þat skal svá punkta ok sundr taka: *legg ek á Jóreiði þokka góðan*; hér er seni skipt. *hefir fljóð ef vill: konu má ná*; hér er máli skipt. *konu Mána*; hér er seni skipt ok hljóðsgreinum. *má ná*; hér er hvártveggi hljóðsgrein umbeygilig. *Mána*; hér er hvöss hljóðsgrein yfir báðum samstofum. Ok er hér bæði skipt hljóðsgreinum ok aftekning hljóðsgreinar, því at hvöss hljóðsgrein er gøf af umbeygiligri, ok tekin svá af þung hljóðsgrein. (Etter Ólsen 1884: 66 f.; vår normalisering og utmerkjing)

Dei viktuge ordi *má ná* / *Mána* er skrivne soleis i dei ymse handskriftene:

<i>má ná A</i>	<i>mána B</i>	<i>ma na W</i>
<i>mana A</i>	<i>mána B</i>	<i>mána W</i>
<i>mâ nâ A</i>	<i>mâ nâ B</i>	<i>mâ nâ W</i>
<i>mán A</i>	<i>má ná B</i>	<i>vantar W</i>

Óláfr legg her fram ei vidfarande tolking av eit par skaldevers som han skyt inn under ovringi *ofljóst*. Det hev vore reist tvil um tolkingi át Óláfr er rett, d.e. um skalden Einarr Skúlason (1100-talet) hev meint å leggja inn ein slik duld bodskap, t.d. skriv Finnur Jónsson (1927: 92) at “tolkingen, som Olaf giver, beror kun på hans egen fantasi (eller en andens?)”, og legg til at “ingen digter kan tænkes at have udtrykt sig på en så fortvivlet forskruet måde”, men både Jón Helgason (1957: 96) og Magnús Snædal (1993: 217) hev kome med meir positive umdømingar. Det hev kor som er ikkje noko å segja for vurdering i av aksentuppgávone át Óláfr. Det er i uttydingi av *hefir fljóð ef vill* ‘han hev eit kvende um han vil’ som *konu má ná* ‘han kann fá tak i eit kvende’ og vidare umtolkingi til *konu*

21. Her er utgåva át Finnur Jónsson so uklár og til dels misleidande, ikkje minst med umsyn til teiknsetjingi, at me hev valt å laga vår eigi normalisering med grunnlag i A-teksti i Ólsen 1884.

*Mána* ‘kona át Måne’ at han kjem inn på aksentar. I den fyrste operasjonen er det berre målet som er skift, segjer Óláfr, d.e. måten eitt og same innhald vert ordlagt på. I den andre operasjonen, der *má ná* vert *Mána*, er både meiningi (*sen*) og aksenten skift, og Óláfr gjer nógje greida for kva som hev hendt med honom: I *má ná* (= *má ná*) er det umbøygjeleg aksent på bae ordi, som me skulde venta etter måten han hev handsama einstava ord med lang vokal tidlegare i avhandlingi. I *Mána* (normalisert rangt til *má ná* av Finnur Jónsson)<sup>22</sup> skal det derimot vera kvass aksent yver bae stavingane, noko som er litt uventa, med di tilsvarende ord vart sagde å hava t u n g aksent i kap. 8 (*hára, sára*). Um me skal rekna med at det er tonelag som ligg attum, kann det altso sjå ut til at han hev umtolka tonem 2 frá å vera tung aksent på fyrste stavingi i tvostavingsord til å vera kvass aksent på bae stavingane. Dette er forvitnelegt med tanke på dei fonetiske serkjenni på dei tvo tonelagi i norsk, d.e. grovt rekna at tonem 1 hev ein topp i grunnfrekvensen som kjem tidlegare i den trykktinge stavingi enn tonem 2. Dette kann realiserast på ei rad ulike måtar, òg ved at tonem 2 hev tvo toppar i grunnfrekvensen, der den eine kjem i den trykklette stavingi, jf. Fintoft, Mjaavatn, Møllergård og Ulseth 1978. Det kann ha vore ein slik tonegang som hev fenge Óláfr til å analysa ord med tonem 2 til å hava kvass aksent på bae stavingane. Men det kann òg tenkjast at notasjonen med akutt på fyrste og andre staving skal tyda ein høg tone som strekkjer seg inn i andre staving i ord med tonem 2, medan høgtonen held seg innanfor fyrste staving i ord med tonem 1.

Det Óláfr segjer til slutt, um at det både er skift aksent og teke burt ein aksent i brigdet frá *má ná* til *Mána*, “því at hvöss hljóðsgrein er gøf af umbeygiligri, ok tekin svá af þung hljóðsgrein”, vert klårt dersom me hugsar på at cirkumfleksen vart rekna for samansett av akutt og gravis i den grammatiske tradisjonen Óláfr var skula i, jf. merknaden át Björn Magnússon Ólsen (1884: 67) til denne staden: “i det cirkumfleksen går

22. Setningi “hér er hværtveggi hljóðsgrein umbeygilig” og det fylgjande ordet *Mána* vantar i W, og i A er det skriva «mán». B hev skrivemåten «má ná». Kristján Árnason (1993: 200) ser ikkje ut til å ha gått at Finnur Jónsson hev normalisert rangt, for han rotar seg inn i allslags moglege tolkingar av kva ord *má ná* og *má ná* viser til, og endar upp med at “[v]ið getum þess vegna ekki vitað hvað er hvað”. Det skulde vera klårt berre av rekkjefylgdi i teksti at *má ná* lyt svara til *má ná* og *má ná* til *Mána*.

23. Hans Kuhn (1937: 53) nemner fire døme på at sette posisjon i *dróttkvætt*-vers er fylt

over til akut, bortkastet med det samme ('sva') en gravis". Me legg elles merke til at det heile vegen er dei operasjonane som *l y d a r e n* eller *l e s a r e n* lyt gjera skal han skyna bodskapen i kvædet, som er konstituerande i utleggingi av barbarismen i str. 11, og ikkje dei som skalden hev gjort, som i dei hine dømi. Framstillingi legg til grunn at det er *mâ nâ* som skal verta *Máná* hjå mottakaren, og ikkje at *Máná* hev vorte til *mâ nâ* i diktarhugen. Dette hev òg andre ansa på, jf. nedanfor.

Likevel er det *mâ nâ* (parafasert som *hefir ef vill*) som skal takast som ei umlaging av *Máná*, og dimed vert *mâ nâ* klassifisert som *barbarismus* for *Máná*. Fyrst vert umlagingi åt skalden av *Máná* til *mâ nâ* kalla for *hljóðsgreinar skipti*. Óláfr kunde òg ha kalla det *viðrlagning hljóðsgreinar*, men dømet i den næste str. 12 syner eintydig *viðrlagning*. Synspunktet vert so snutt når Óláfr skal tolka seg fram frá *hefir ef vill* gjennom *mâ nâ* til *Máná*. Då vert det *aftekning hljóðsgreinar*.

Endeleg skal me sjå på den siste barbarismen som gjeld aksent, og her er det etter vår meining at det avgjerande provet for tonelagsskilnad i TGA finst:

Um viðrlagning hljóðs-greinar verðr barbarismus sem Skraut-Oddr kvað:

12. Ef væri Bil báru  
brunnins logs sú er unnum  
opt geri ek orða skipti  
einrænliga á bænum.

Hér er *bænum* sett fyrir *bænum*. (Finnur Jónsson 1927: 45 f.; dømi er merkte ut her)

Her kann det etter teksti åt Finnur Jónsson sjå ut til at kvass aksent er sett i staden for umbøygjeleg, og det vert i grunnen uskynelegt når me veit at kvass og umbøygjeleg aksent hjå Óláfr berre er ulike variantar av det same, regulert etter lengdi på vokalen; her er jo vokalen i bae ordi lang. Det er synd at Óláfr ikkje hev forklára med ord (som i det fyrre dømet) kva for eit tillegg av aksent han meiner hev hendt her, men um me ser på innhaldet i halvstrofa, vert det rimeleg klårt at *bæn-um*, dat.pl. av *bæn* f. 'bøn', er sett i staden for *bæ-num*, dat.sg. b.f. av *bær* 'bø, gard'. Finnur Jónsson set um soleis (*Skj.* B 1: 386): "Dersom den kvinde, jeg elsker, var tilstede på gården; ofte skifter jeg ord på særlings vis." Innskotet her – "opt

geri ek orða skipti einrænliga” – er vel nettupp ein kommentar til den umbytingi som skalden hev gjort, jf. plasseringi rett fyre det aktuelle ordet. Når dette tvitydige ordbruket vert uppfata som ei umbyting, må det koma av at dei tvo ordi hev vore distinktivt ulike fonologisk.

Rasmus Rask nemner i ein fotnote i utgåva si frå 1818 (s. 311) at det her gjeld at det stend *bæ-num* for *bæn-um* eller umvendt, men gjeng ikkje inn på kva den fonologiske skilnaden skulde vera. Sveinbjörn Egilsson (1849: 183) presiserer med hjelp av bindestrik at han meiner det stend “[h]ër er *bæn-um* sett fyrir *bæ-num*”, som er vår meining òg, men heller ikkje han hev nokor fonologisk tolking. I den arnamagnæanske parallellutgåva (islandsk–latin) frå 1852 hev han so skift syn og set *á bænum* i verset um med *in villa* og skriv at “[h]ër er *bæ-num* sett fyrir *bæn-um*” (Jón Sigurðsson og Sveinbjörn Egilsson 1852: 105). Björn Magnússon Ólsen (1884: 175) ser at *bænum* etter meiningi er dativ av *bær* med bunden artikkel, men etter formi dativ fleirtal av *bæn* utan nokon artikkel. Han tenkjer seg då ein uttaleskilnad i samsvar med det ulike opphavet: “Man har altså i formen *bæ’nom* mellem artiklen og substantivet hørt en svag vokallyd, en lævning af det udeladte *e* (*bæ- nom* < *bæ- enom*)” (sst.). Han hev derimot ingi uttyding til “den besynderlige akcentforklaring” som Óláfr sjølv gjev.

Finnur Jónsson (1927: 93) nøgger seg i merknadene sine med å skriva at “udtalen kan have været en lille smule anderledes i det ene end i det andet tilfælde; det er man uden midler til at påvise”. I staden for å resignera på denne måten kjem ein langt um ein reknar med at det som hev vore “en lille smule anderledes” i dei tvo ordi, er tonegangen. Dat.pl. *bæn-um* er ei gamal tvostaving som må få tvostavings tonelag i eit skandinavisk tonelagssystem, medan dat.sg. *bæ-num* er ei nyare samanstelling av ordstommen *bæ-* og den bundne artikkelen *-(i)num* og fær soleis einstavings tonelag, jf. skilnaden på <sup>2</sup>*bøno*/ dat.pl. ‘bønene’ og <sup>1</sup>*bøno*/ dat.sg. ‘Bøen’ (stadnamn) i nordmørsmål.

At skalden segjer at han hev gjort eit *orða skipti* i verset, fær òg ei uttyding um me reknar med tonelag. Ordet *bænum* er plassert i slutt-trokéen i verset, ´ x, og for den gjeld det strenge reglar i *dróttkvætt*. Normalt skal siste staving hava fonologisk nulltrykk, ikkje sidetrykk, medan sekvensen ´ x andre stader i lina kann hava hovudtrykk attåt sidetrykk, jf. Kuhn (1983: 124): “Die Norm ist, daß in den sechsten Gliedern reine Endungssilben stehn, und es überwiegen da die kürzesten.” Ei tvostavings samansetjing som <sup>1</sup>*landsmadr* eller <sup>2</sup>*landsýn* kan gjelda som ´ x

andre stader i lina, men ikkje i kadensen.<sup>23</sup> Tvo einstavingsord gjeng heller ikkje; *sess minn* er eit undantak som er tillagd ei jarlsdotter i *Egils saga* i ei strofa som på andre punkt òg vik av frå profesjonell standard (jf. Finnur Jónsson 1886–88: xxix; *Skj.* A 1: 603 f., B 1: 603). I kadensen brukar ein heller ikkje imperativar med enklitisk pronomen som t.d. *farðu*. Dei einaste mogelege tilfelli ein då kunde tenkja seg med tonem 1 i kadensen, er einstavings substantiv med artikkel, som *bæ-num*. Men slike bundne former bruka ein ikkje normalt i skaldediktingi i tidi fyre 1200 (Kuhn 1983: 124, 319), og endå minder i kadensen.<sup>24</sup> I slutt-trokéen i *dróttkvætt*-lina stend det soleis alltid eit ord med tvostavings tonelag på galmnorsk.

Det som er meint i verset ovanfor, er *bænum* ‘bøen’ med tonem 1, men Óláfr reknar openbert med at versemålet krev tonem 2. Um ein uttalar ordet med tonem 2 slik versemålet krev, høyrst det ut som fleirtalsformi *bænum* ‘bønene’. Med andre ord kunde Finnur Jónsson ha sett um – um det skulde verta ordrett – til “Dersom den kvinde, jeg elsker, var i bøn”.<sup>25</sup>

Det skalden gjer i denne halvstrofa, er altså å nytta ordet /<sup>2</sup>bæ: num/ i staden for /<sup>1</sup>bæ: num/, og oppnår, i tillegg til metrisk stringens, ein komisk effekt; vilkoret vert altså at kvendet skal vera i bøn, og ikkje at ho skal vera på bøen. Ein slik operasjon må visseleg segjast å vera gjord *einrænliga*. Óláfr lyt tolkast i samsvar med dette: I setningi “Hér er *bænum* sett fyrir *bænum*” må *bænum* vera lik /<sup>2</sup>bæ: num/ og *bænum* vera lik /<sup>1</sup>bæ: num/, og det høver framifrå med måten Óláfr nyttar umbøygeleg aksent på einstavingsord med lang vokal i kap. 2 og 8 og i dei hine barbarismene. Det er å venta at einstavingstonelaget i *bæ-num* skulde verta identifisert med tonegangen i einstava ord med tilsvarande lang vokal. Det høver

av eit tungt avleidingsfeste (*kerling*) eller andre lekk i eit samansett namn (*Steingerðr, Hákon, Ólafir*). Etter hans meining fyrekjem dette berre i “formlosen oder schlecht überlieferten Dróttkvætt-strophen” (sst.).

24. Den bundne formi *eldinn* finst i versslutt i ei *lausavísa* (halvstrofa) som er tillagd Rognvaldr jarl (1148) i *Orkneyinga saga* (*Skj.* A 1: 507, B 1: 481). Denne halvstrofa hev òg andre sermerke, som at både andre og tredje vers hev maksimalt med oppløysing i dei tvo fyrste posisjonane, forma som utbroti *atatata* og *hutututu*, som spelar på at den som talar, frys. Halvstrofa er tydeleg sers uformell.
25. Uttydingi åt Björn Magnússon Ólsen (1884: 68) um at “[d]en første stavelse i ordet *bænum* står i verset af metriske grunde (som helrim til den akute stavelse *ræn*) med akut”, tek ikkje umsyn til at ei staving med lang vokal (som *ræn*) same kva ikkje vilde få akutt i aksentlæra åt Óláfr.
26. Dette stend i motsetnad til i *bænum*, der alle handskriftene hev cirkumfleks, i W rett



derimot ikkje so godt at tvostavingstonelagsordet *bæn-um* skulde hava kvass aksent, som skrivemåten *bánum* skulde tyda på. No er handskriftene til TGA alt anna enn klære på dette punktet: Berre W hev <bénvm> med tydeleg aksent, medan A hev <bænvm> og B <bênum>, der <ê> er det vanlege teiknet for æ (Ólsen 1884: 68).<sup>26</sup> Sett i ljós av notasjonen *Máná* i den fyrre barbarismen, der det gjeng klårt fram av teksti at Óláfr hev meint det soleis, kann det tenkjast at det sameleis hev stade \**bánúm* her. Det gjev same notasjon for tvostavings tonelag i dei tvo dømi.

Koss skal dette so tolkast som “viðrlagning hljóðsgreinar”? Björn Magnússon Ólsen (1884: 68) skriv um det i ein merknad:

Ligesom man i det foregående eksempel for at få den rigtige mening måtte forandre *má ná* til *máná* og derved bortkaste en gravis, således kræver omvendt meningen her, at man forandrer versets *bénvm* til *bænvm*, med andre ord, at man tillægger en gravis.

Ólsen hev rett dersom han legg til grunn handskriftlesemåten *bánum*, men då tek han ikkje, som alt nemnt i note 25, umsyn til at denne lese-måten i røyndi gjeng imot aksentlæra åt Óláfr. Me bør i staden freista med aksentueringi \**bánúm*, som det finst studnad for (i *Máná*), og som me kann koma fram til ved å rekna med at den andre aksenten hev falle ut i W <bénvm> og bære i A <bænvm> og B <bênum>. Det vert då vanskelegt å gjera som Ólsen og rekna med at det er den operasjonen som l y d a r e n lyt gjera, frå det metrisk rette, men rangsnudde \**bánúm* til det meiningfulle *bánum*, som Óláfr siktar til når han kallar det “viðrlagning hljóðsgreinar”. Det einaste måtte vera um me rekna med ei aksentuering \**bænum*, tilsvarande t.d. *hára* og *sára* i kap. 8, men det vert å ganga vel langt undan den faktiske yverleveringi. Dessutan tykkjest det lite trulegt at Óláfr skal ha gjenge attende til ein tidlegare aksentueringsspraksis rett etter at han hev introdusert ein ny i *Máná* i dømet framanfyre.

Um me derimot tek utgangspunkt i at det er eit skifte frå det meinte (*á*) *bánum* ‘på bøen’ til det metrisk rette (*á*) \**bánúm* ‘i bøn’, altså den operasjonen s k a l d e n gjer, fær karakteristikken “viðrlagning hljóðsgreinar” betre meining: Tillegget ligg då i at det vert ein aksent på den andre stavingi som ikkje var der fyrr. At det attåt vert ei “aftekning hljóðsgreinar” i *bân-* > *bán-*, kann vera underordna.

nok på siste stavingi, <benúm> (Ólsen 1884: 68).

27. No er det i utgangspunktet ikkje “aftekning hljóðsgreinar” *Máná* → *má ná* er meint

I framhaldet av det fyrre hermet segjer Björn Magnússon Ólsen:

Såvel her som i sin bemærkning til det nærmest foregående eksempel gör forfatteren sig imidlertid skyldig i en tankefejl, idet han ikke, som i de foregående eksempler, går ud fra ordformen som den forekommer i verset, men derimod fra den af tanken fordrede normale ordform, og i forhold til denne bedømmer, om der finder en *afteknning* eller en *viðrlagning* sted. Går man ud fra forfatterens forvirrede akcentforklaringer, begår Skrautoddr i virkeligheden en *afteknning hljóðsgreinar*, når han sætter *bánvm* for *bánvm*, Einarr derimod en *viðrlagning hljóðsgreinar*, når han har: (*hefir ef vill-*) *má ná* for *máná*.

Her er det i røyndi Ólsen som gjer seg skuldig i ein “tankefejl”: Det er ikkje tilfellet at Óláfr i dei andre dømi på *barbarismus* tek utgangspunkt i ordformi som ho stend i verset, men nettupp i “den af tanken fordrede normale ordform”, jf. t.d. at formene *tvén* og *þrén* for venta *tvenn* og *þrenn* vert rekna for “afteknning stafs” (fleire døme i tab. 2). No vert dømi på *barbarismus* i aksent noko for seg sjølve, med di brigdi *Máná* → *má ná* og *bánum* → *\*bánúm* ikkje er variasjon yver dei same ordi, men døme på ordspel og dimed på byte frå eit ord til eit anna ord eller til ein ordsekvens. Som me alt hev vore inne på, hev Ólsen rett i at det i røyndi er “viðrlagning hljóðsgreinar” når skalden set (ord som svarar til) *má ná* for *Máná*,<sup>27</sup> men innvendingi hans um at *bánum* for *bánum* ikkje kann vera “viðrlagning hljóðsgreinar”, fell burt når me set *\*bánúm* i staden.

### Uppsummering

I kap. 11 om barbarismane ser det ut til at Óláfr Þórðarson er komen eit stig vidare og hev retta upp mistydingi av *accentus gravis* og gravisteiknet og i staden gjeve tvostavingsord (og truleg òg tristavingsord) akutt aksent på tvo stavingar dersom dei hev tvostavings tonelag, og tvostavingsord med einstavings tonelag same aksent som einstavingsord.

Slikt som *tvén ok þrén* i str. 3 for normalt *tvenn ok þrenn* er *barbarismus* i vanleg tyding.

I str. 9 er *ól torráðin* ein parafrase for *vønd ól*, som i eit ordspel (*ofljóst*) vert klassifisert som *barbarismus* for *vøndol*, som er det tilhøyraren skal koma fram til.

å vera døme på, men “hljóðsgreinar skipti”, og det kann ha letta det skiftet i synspunkt som Óláfr gjer i merknadene til dette dømet.

I str. 11 finn me millom anna ein parafrase *hefir ef vill for má ná* (aksentuert *má ná*), som i eit ordspel (*ofljóst*) vert klassifisert som *barbarismus* for *Mána* (aksentuert *Mána*), som er det tilhøyraren skal finna fram til. Her er umgripet *barbarismus* nytta på same måte som i str. 9.

I str. 12 vert *bánúm* i eit ordspel (*ofljóst*) klassifisert som *barbarismus* for *bánum*. Her dreiar det seg sjølvstakt um ein røyneleg fonologisk skilnad som i alle dei andre dømi. Men spursmålet er kvifor den eine formi er *barbarismus*. Det må vera versemålet som krev ei avvikande form. Det er so at det i kadensen i *dróttkvætt*-lina elles alltid stend eit ord som hev tonem 2 på gamalnorsk. Det som er meint, er *bæ-num* (= *bánum*) med tonem 1, men Óláfr reknar med at versemålet krev tonem 2, og då høyrer det ut som fleirtalsformi *bæn-um* (= *bánúm*). Formi *bánúm* for *bánum* vert ein barbarisme i eit ordspel på same måte som *má ná* for *Mána* og *vond ól* for *vøndol*.

## Slutning

Denne gjennomgangen av Tredje grammatiske avhandling med tanke på aksentar hev synt at det ikkje er nokon endelege prov for ein tonelagsskilnad i gamalislendsk i sjølve aksentlæra åt Óláfr Þórðarson, som for ein stor del er yvertteki beinveges frå dei latinske grammatikarane. I barbarismane er det derimot ein forvitneleg ny analyse av tvostavingsordet *Mána* som kann tyda på at Óláfr hev freista å gjeva att ein tonegang lik den me finn i ord med tvostavings tonelag i norske målføre, og ikkje minst gjev umdømingi hans av ordformi *bænum* i det tolvte verset sterke prov for at det hev funnest tonelagsskilnad i islendsk. Når Óláfr meiner at skalden hev bytt um dei elles likelydande ordi *bæ-num*, dat.sg. b.f. av *bær* 'bø, gard', og *bæn-um*, dat.pl. ub.f. av *bæn* f. 'bøn', kann det ikkje tydst ut på onnor vis enn at desse tvo ordi var fonologisk ulike. Den einaste måten dei kann ha vore det på, er gjennom tonelag, og ein skilnad <sup>1</sup>*bæ-num* mot <sup>2</sup>*bæn-um* er di meir det me skulde venta ut frå skandinaviske reglar for skifting av dei tvo tonelagi. Med dei einfelde umgripi frå tradisjonell latinsk aksentlæra er det snaudt mogelegt å tenkja seg ei meir grannvar attgjeving av skandinaviske tonelag med høgtone, som t.d. i vestnorsk, enn den Óláfr er komen fram til i kap. 11. Um ein ikkje vil meina at det Óláfr skriv i dette stykket, berre er lærde hugskot, tvingar den slutningi seg fram at gamalislendsk hev havt tonelagsskilnad til liks med dei fastlandsnordiske måli. Skalden, som er

ukjend, men som Finnur Jónsson (1927: 93) segjer må “antagelig henføres til 11. el. 12. årh.”, lyt ha havt tonelagsskilnad i talemålet sitt for å gjera dette *orða skipti*, og Óláfr, som hev skyna det, må i minsto ha kjent til skilnaden.

## Handskrifter

A = AM 748 I 4°

B = AM 757a 4°

W = Codex Wormianus, AM 242 fol.

## Litteratur

- Allen, W. Sidney. 1965. *Vox Latina. A guide to the pronunciation of classical Latin*. Cambridge: Cambridge University Press.
- . 1987. *Vox Graeca. A guide to the pronunciation of classical Greek*. 3. utg. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ásgeir Blöndal Magnússon. 1989. *Íslensk orðsifjabók*. [Reykjavík]: Orðabók Háskólans.
- Finnur Jónsson. 1901. *Det norsk-islandske skjaldesprog omtr. 800–1300*. Utg. av Samfund til udgivelse af gammel nordisk litteratur. København: S. L. Møllers Bogtrykkeri.
- . 1921. *Norsk-islandske kultur- og sprogforhold i 9. og 10. årh.* (Det Kgl. Danske Videnskabernes Selskab. Historisk-filologiske Meddelelser. III, 2.) København: Andr. Fred. Høst & Søn.
- Finnur Jónsson, utg. 1927. Óláfr Þórðarson: *Málhljóða- og málskrúðsrit. Grammatisk-retorisk afhandling*. (Det Kgl. Danske Videnskabernes Selskab. Historisk-filologiske Meddelelser XIII, 2.). København: Andr. Fred Høst & Søn.
- Fintoft, Knut, Per Egil Mjåvatn, Einar Møllergård og Brit Ulseth. 1978. “Toneme Patterns in Norwegian Dialects”. I: *Nordic Prosody. Papers from a Symposium*, red. Eva Gårding m.fl., 197–206. Lund: Department of Linguistics, Lund University.
- Goetz, Georgius og Fridericus Schoell, utg. 1910. M. Terenti Varronis *De lingua Latina quae supersunt*. Leipzig: Teubner.
- Holtmark, Anne. 1955. *Ordforrådet i de eldste norske håndskriftene til ca. 1250*. Utg. av Gammelnorsk ordboksverk. Oslo: Jacob Dybwad.

- . 1960. "Grammatisk litteratur om modersmålet". *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 5, sp. 414–419. Oslo: Gyldendal.
- IED = *An Icelandic-English Dictionary*, red. Richard Cleasby og Gudbrand Vigfusson. 2. utg. ved William A. Craigie. Oxford: Clarendon Press 1957.
- Jón Helgason. 1926. "Ortografien i AM 350 fol." *Meddelelser fra Norsk forening for sprogvidenskab* 1: 45–75.
- . 1957. "Ek bar sauð". *Acta Philologica Scandinavica* 23, s. 94–96.
- Jón Helgason, utg. 1936. *Íslensk miðaldakvæði. Islandske digte fra senmiddelalderen*, bd. 1. Utg. av Kommissionen for det Arnamagnæanske Legat. København: Munksgaard.
- Jon Sigurðsson og Sveinbjörn Egilsson, utg. 1852. *Edda Snorra Sturlusonar / Edda Snorronis Sturlæi*. Bd. 2. Hafniæ: Legatum Arnamagnæanum.
- Jón Thorkelsson. 1879–85. *Supplement til islandske Ordbøger*. Anden Samling. Reykjavík: Ísafold's Bogtrykkeri.
- Keil, Henricus. 1961. *Grammatici latini*. Bd. II. Hildesheim: Georg Olms Verlagsbuchhandlung. [Nyprent av utgåva frå 1855.]
- Kjartan G. Ottósson. 1986. "Indicier på tonaccentsdistinktion i äldre isländska". *Íslenskt mál* 8: 183–190.
- Kock, Axel. 1891. "Fornnordiska kvantitets- och akcentfrågor". *Arkiv för nordisk filologi* 7: 334–377.
- Kristján Árnason. 1993. "Málfræðihugmyndir Sturlunga". *Íslenskt mál* 15: 173–206.
- Krömmelbein, Thomas, utg. 1998. Óláfr Þórðarson Hvítaskáld: *Dritte Grammatische Abhandlung*. Oslo: Novus.
- Kuhn, Hans. 1937. "Zum Vers- und Satzbau der Skalden". *Zeitschrift für deutsches Altertum und deutsche Literatur* 74: 49–63. (Prenta upp att i *Kleine Schriften*, bd. 1, 468–484. Berlin: Walter de Gruyter 1969.)
- . 1983. *Das Dróttkvætt*. Heidelberg: Carl Winter Universitätsverlag.
- Langosch, Karl. 1975. *Lateinisches Mittelalter. Einleitung in Sprache und Literatur*. 3. utg. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft.
- Lex. poet.* = Sveinbjörn Egilsson: *Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis. Ordbog over det norsk-islandske skjaldesprog*. 2. utg. ved Finnur Jónsson. København: Lyngé & Søn 1931.
- Liberman, A. S. 1976. "The Origin of Scandinavian Accentuation". *Arkiv för nordisk filologi* 91: 1–32.
- Magnús Snædal. 1993. "Yfirlit yfir forníslenskar málfræðiritgerðir". *Íslenskt mál* 15: 207–220.

- Noreen, Adolf. 1923. *Altnordische Grammatik. I. Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des Urnordischen*. 4. utg. Halle: Niemeyer.
- Oftedal, Magne. 1952. "On the origin of the scandinavian tone distinction". *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* 16: 201–225.
- Ólsen, Björn Magnússon, utg. 1884. *Den tredje og fjærde grammatiske afhandling i Snorres Edda tilligemed de grammatiske afhandlingers prolog og to andre tillæg*. (Islands grammatiske litteratur i middelalderen II.) København: Fr. G. Knudtzons Bogtrykkeri.
- ONP = *Ordbog over det norrøne prosasprog. Registre*. Utg. av Den arnamagnæanske kommission. København 1989.
- Rask, R[asmus] Kr[istian], utg. 1818. *Snorra-Edda ásamt skáldu og þar með fylgjandi ritgjörðum. Eptir gömlum skinnbókum*. Stockhólmi: í hinni Elménsku prentsmiðju.
- Skj.* = *Den norsk-islandske skjaldedigtning*. Utg. av Finnur Jónsson. A 1–2, B 1–2. København – Kristiania: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag 1912–15.
- Stefán Einarsson. 1932. "Icelandic Dialect Studies I. Austfirðir". *The Journal of English and Germanic Philology* 31: 537–578.
- Stefán Karlsson. 1964. "Gömul hljóðdvöl í ungum rímum". *Íslenzk tunga* 5: 7–29.
- Sveinbjörn Egilsson, utg. 1849. *Ritgjörðir tilheyrandi Snorra-Eddu*. Reykjavík.
- de Vries, Jan. 1962. *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. 2. utg. Leiden: E. J. Brill.
- Wadstein, Elis. 1890. *Fornnorska homiliebookens ljudlära*. Upsala: Akademiska boktryckeriet.
- Wessén, Elias. 1965. *Svensk språkhistoria. 1. Ljudlära och ordböjningslära*. Sjunde upplagan. Stockholm – Göteborg – Uppsala: Almqvist & Wiksell.
- Winterbottom, M[ichael], utg. 1970. *M. Fabi Quintiliani Institutionis oratoriae libri duodecim*, bd. 1, *libri I–VI*. Oxoni: E typographeo clarendoniano.

Trygve Skomedal  
Arthur Nordlies vei 1A  
0956 Oslo  
trygve.skomedal@iln.uio.no

Klaus Johan Myrvoll  
Middelthungate 11  
0368 Oslo  
klausjon@online.no